

## Pollen og alger set farge på sjøen.

29.05.2019



Stor produksjon av pollen gjer at det legg seg ein gul snerk i stranda. Færingen i høgre kant av bilete ligg i flomålet og er farga gul under.

**Sjøen har den siste tida vore farga grøn, ei årviss hending på denne tida av året. I tillegg har det vore store mengder pollen i Storsund. Det er mest synleg langs landet og opp i stranda. Uskedalen.no har spurt Svein Rimestad om ei forklaring.**

Den gule snerken er vanlegvis furupollen på denne tida av året. Det har kome ei sak i radioen om at det er svært rikeleg med granpollen i år. Rundt kvart 5. år er det kongleår for gran, og det skal det vera i år, med stor produksjon av pollen. Det er difor truleg ein stor andel granpollen i snerken.

Bjørka gjorde seg ferdig rundt påsketider - då trudde eg at ei bjørk i Matre sto i brann, men då eg kom nærare, såg eg at det var ei gul pollensky som steig frå treet.



Kiselalger gjer at sjøen er farga grågrøn.

Svein Rimestad fortel vidare at den grågrøne fargen på sjøen er kiselalger. Dei har ei så godt som årviss oppbløming på desse tider, stimulert av næringssalt som hopar seg opp i vatnet før vekstsesongen, og når så ljøs og varme aukar, får ein eksplosjonen. Dersom eg ikkje minnest feil, uteblei denne oppbløminga i fjor.

Desse algene er ikkje farlege for fisken, men om natta, når fotosyntesen ikkje er i aktivitet, forbrukar algene og oksygen, og då kan det verta oksygenfattig i dei øvre laga i sjøen. Med så pass kaldt vatn som det me har no, er likevel andinga til algene om natta så låg at det ikkje er nokon fare for dyrelivet i sjøen.

På den tida då meieriet enno var i verksemd på Seimfoss, fekk Rimestad ein vår klage frå ein som hadde strandtomt i Dimmelsvik. Dei var sikre på at det gule som flaut i vatnet, var feitt som meieriet hadde sleppt ut. Eg mikroskoperte då, og fann flott furupollen. Dei likna på dei gule gåvebeholdarane som ligg inne i Kinderegg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal